

---

**Saksnr:** 2020/304-18  
**Saksbehandlar** Charlotte Espeland  
**Dato:** 14.08.2020

---

---

**Til:** Hovudutval for kultur, idrett og integrering

---

**Frå:** Fylkesdirektør kultur, idrett og inkludering

---

## Programmet for Den kulturelle skulesekken skuleåret 2020-2021

### Bakgrunn

Den kulturelle skulesekken (DKS) er del av regjeringa si kulturpolitiske satsing på born og unge i grunnskular og vidaregåande skule. Ordninga er finansiert med overskot av spelemidlar frå Norsk Tipping AS og fylkeskommunale/kommunale driftsmidlar. DKS vert gjennomført av fylkeskommunar og kommunar i heile Noreg, og staten sin etat, Kulturtanken, har det sentrale ansvaret.

Vestland fylkeskommune får tildelt spelemidlar til DKS frå Kulturtanken etter ein sentral fordelingsnøkkel. Midlane skal nyttast til å utvikle eit mangfaldig kunst- og kulturtilbod til elevane både i grunnskulen og i vidaregåande skule. Hovudmålsettinga er at alle elevar skal få oppleve kunst og kultur av høg kvalitet, med mål om at dei etablerer og vidareutviklar eit aktivt og positivt tilhøve til kunst og kultur.

### Program for skuleåret 2020-2021

For skuleåret 2020-2021 fekk Vestland fylkeskommune nær 1000 framlegg til produksjonar til DKS-programmet. I tråd med vedtak i Fellesnemnda for nye Vestland fylkeskommune 18. september 2019 (*sak 2019/2073-15 – Overgangsordning DKS – Planlegging av skuleåret 2020-2021*) vart alle framlegg vurderte av faggrupper. Eit ungdomsprogramråd valde ut 6 produksjonar til programmet, og endeleg program vart vedteke av eit overordna fagleg råd 2020.

Følgjande kriterium vart lagde til grunn for utvalet av kunst- og kulturproduksjonar i DKS-programmet for Vestland fylkeskommune skuleåret 2020-2021:

- a) Framleggstillar skal ha levert fullstendig framlegg innan fristen, med vedlegg eller link til lyd- og/eller filmopptak der dette er naturleg.
- b) Kvar produksjon i programmet skal ha profesjonalitet i innhald og formidling.
- c) Programmet skal gjennomførast i skuletida.
- d) Programmet skal ha variasjon i uttrykk og sjangermessig breidd, spelestad og formidlingsmåte. I det samla programmet skal det også vere produksjonar på tvers av uttrykk.
- e) Programmet skal tilføre skulen møte med profesjonell kunst og kultur, og ikkje erstatte delar av skulen si undervisning i estetiske fag.
- f) Det skal vere eit særskilt fokus på regionale og lokale utøvarar. Nyskapande kunst skal prioriterast.
- g) Det samla programmet skal ha god kjønnsfordeling blant utøvarane.
- h) Det samla programmet skal ivareta minoritetar og leggje vekt på inkludering.

- i) Det samla programmet skal innehalde ein høg del produksjonar på nynorsk og ulike målføre.
- j) I det samla programmet skal det vere god balanse mellom ulike formidlingsmåtar og – arenaer.
- k) det samla programmet skal det vere god balanse mellom produksjonar av/med frilansutøvarar/frie grupper og større kunst- og kulturinstitusjonar.
- l) På scenekunstheltet skal tilbodet fordelast slik at større kunst- og kulturinstitusjonar og frilansutøvarar/frie grupper kvar skal ha minimum 30 % av volumet til høvesvis grunnskulen og vidaregåande skule, dersom det er grunnlag for det.

Programmet til grunnskulen vart sett saman etter følgjande modell:

- Prioriterte uttrykk til 1.-4. steg: litteratur og musikk.
- Prioriterte uttrykk til 5.-7. steg: visuell kunst, musikk og scenekunst.
- Prioriterte uttrykk til 8.-10. steg: litteratur og film.
- Kulturarv vert tildelt utan særskild prioritering.
- I tillegg kan skulane velje produksjonar som er av ein slik karakter at dei ikkje kan tildelast direkte.

Programmet til vidaregåande skule vart sett saman etter følgjande modell:

- Vidaregåande skule får tildelt éin produksjon innan musikk, scenekunst eller film.
- I tillegg kan skulane velje produksjonar utifrå ei definert liste.

#### *Endringar grunna korona-pandemien*

I midten av mars vart heile det norske samfunnet stengt ned på grunn av korona-pandemien. Elevane vart sende heim og undervisninga vart gjort digital. Gjennom DKS vert eit mylder av utøvarar sendt ut på skulane, eller elevar vert samla i kulturhus, på galleri og museum, eller ute i kulturlandskapet. I midten av mars vart alt dette satt på vent.

Vestland fylkeskommune avlyste DKS-programmet ut april på grunn av korona-pandemien. 24 produksjonar og 320 hendingar vart avlyste, og 25992 elevar fekk ikkje DKS-tilbodet dei skulle hatt. Nokre produksjonar vart gjort tilgjengelege digitalt, men dei fysiske møta var ikkje tatt opp att før i mai/juni.

Programmet for skuleåret 2020-2021 vart vedtatt like før pandemien. Fagleg råd gjorde slikt vedtak 26. februar 2020: *Fagleg råd vedtar program for DKS Vestland for skuleåret 2020-2021 slik det går fram av saka. Dersom ein produksjon er oppteken på anna hald, utøvarane ikkje kan turnere i det omfanget det er trong for, det er trong for fleire produksjonar, eller andre uventa tilhøve skulle inntreffe, vil programmet bli justert med utgangspunkt i produksjonar som er tilrådde av faggruppene.*

Av omsyn til smittevern har Vestland fylkeskommune gjort følgjande endringar i DKS-programmet:

- Elevtal pr framsyning er skalert ned.
- Produksjonar med internasjonale utøvarar er med nokre unntak flytta til neste skuleår.
- Nokre produksjonar for større elevgrupper er flytta til neste skuleår.
- Nokre produksjonar er erstatta med andre produksjonar som vart godkjende av faggruppene.

Endringane er i tråd med tilrådingar frå Folkehelseinstituttet og gjorde med bakgrunn i dialog med skulane og smittevernansvarlege i Vestland fylkeskommune. Då situasjonen framleis er usikker, kan det bli gjort fleire endringar.

Programmet til grunnskulen for skuleåret 2020-2021 ser slik ut:

Uttrykk	1.-4.trinn
Litteratur	Visste du at...?
Litteratur	Et annerledes forfatterbesøk
Litteratur	Ei kjedeleg bok
Litteratur	Farfars bombekrater
Litteratur	Hvordan temme elg?

Litteratur	Lurivar og det hemmelege skrinet
Litteratur	SKALLA: Kan ein ha det kjekt sjølv om ein er sjuk?
Litteratur	S.O.S. Blomstereng
Litteratur	Bo flyttar ut/visuell historiefortelling
Visuell kunst	Hus i hodet (vidareført)
Kulturarv	En gang for lenge siden
Kulturarv	Ei reise til steinalderen
<b>Uttrykk</b>	<b>1.-7.trinn</b>
Musikk	Bach Goes HipHop
Musikk	Fint er rart - Rart er fint
Musikk	Konrad Kråkebolle og andre fjærefantar
Musikk	Du og jeg og vi to, tre, fire (erstattar Luison og Cuba)
Musikk	Lyriaka
Musikk	STJERNETELLER
Musikk	Hei kalas! (erstattar Dråpen Vannders)
Musikk	ALO
Musikk	Superiopera (vidareført)
Musikk	Tippe tippe tue (vidareført)
Musikk	Verdas beste Disney (vidareført)
<b>Uttrykk</b>	<b>5.-7.trinn</b>
Visuell kunst	Avtrykk
Visuell kunst	Et annerledes tegneseriekurs
Visuell kunst	Et magisk møte med lyset
Visuell kunst	Gjenoppdag!
Visuell kunst	Havets avtrykk
Visuell kunst	Papirworkshop
Visuell kunst	Screening - med verksted
Visuell kunst	Se med hendene
Visuell kunst	Verken fugl eller fisk - i et hav av plast (vidareført)
Scenekunst	Circo Herencia
Scenekunst	Danseworkshop med Absence
Scenekunst	Jorda rundt på 80 dager
Scenekunst	Ringeren i Notre-Dame
Scenekunst	Star Wårs (med Å)
Scenekunst	Tordivelen flyg i skumringen
Scenekunst	We Come from Far, Far Away
Scenekunst	Yana and The Yeti
Kulturarv	Postkort fra den Arktiske Alven
Kulturarv	Danseverkstad
<b>Uttrykk</b>	<b>8.- 10.trinn</b>
Litteratur	Far din er en tyv
Litteratur	Nattmannen
Litteratur	Glimt
Litteratur	DE DØDE SER DEG - I overvåkningens tid
Litteratur	Ett ord – bilder i kampen mot særskrivingsfeil
Litteratur	Rasismens poetikk - forfatterbesøk
Litteratur	"Bare spille ball" - Foredrag

Litteratur	NORIAKI
Litteratur	Den norske slavehandelen
Kulturarv	Tidskapselen (vidareført)
Film	Å vente på FN, primært u-trinn
Film	En kortfilm som utfordrer fordommer
Film	«Chaplin, humanismen og det 20. århundret»
Film	Kortfilm ELLA
Film	Sykkelfugl
Film	Lag din egen musikkvideo
Film	Small talk
Film	Alt du trenger for å lage podcast
Film	Sjuende på ekte
Film	Animasjonsverkstad
Film	Historier gjennom filmmediet

Programmet til vidaregående skule for skuleåret 2020-2021 ser slik ut:

Uttrykk	Vgs
Litteratur	Fra sanning til oppdikta (fra journalistikk til litteratur)
Litteratur	I dag sa jeg ingenting
Litteratur	Du må ikkje skrive
Litteratur	Kvinner i krig
Litteratur	Science fiction og kunsten å si "tenk om"
Scenekunst	Konflikten
Scenekunst	Alle tiders Bergen (DNS)
Scenekunst	En folkefiende av Hendrik Ibsen
Scenekunst	Fighting gravity
Scenekunst	Vestland, Vestland
Scenekunst	Øy (Carte Blanche)
Musikk	DePresno
Musikk	Marthe Wang
Musikk	Miss Tati konsert
Musikk	PUST - 6 stemmer
Visuell kunst	Skildring-et sammensatt bilde i glass (Bergen)
Visuell kunst	Å fange følelser -tilbake til det analoge fotografiet
Visuell kunst	Et blikk på hverandre
Film	Fun Factory
Film	Kunsten i Kvam
Film	Turne Vestland (Lokal BIFF)
Film	Familiebildet